

God start på fotballsesongen

16.04.2009

Gutelaget til Rosendal/Uskedalen fekk ein god start på sesongen. I seriepremieren mot Rubbestadneset i Rosendal torsdag kveld vann dei heile 5-0.

Alle måla vart scora før pause, tre av Vegard Enes Ludvigsen og dei to andre av Sindre Omvik og Jonas Bewer.

Etter pause hadde heimelaget full kontroll, men med den solide leiinga skapte dei naturleg nok ikkje like mykje.

På laget, som spelar i 2. divisjon avdeling 09, var det fem uskedelingar på banen i denne kampen: Torbjørn Steinsvik, Karsten Tungesvik, Benjamin Taranger, Thomas Halvorsen og Vegard Døssland.

Dag Ruine Myklebust er og med på laget, men han er for tida skada.